

# Herand Bygdelag

## Årsmelding 2012

Det ordinære årsmøtet i Herand Bygdelag vart halde 27. mars 2012 saman med Herand Landskapspark. Ekstraordinært årsmøte i laget vart halde 22. mai 2012.

Etter årsmøtet har styret for bygdelaget hatt følgjande samansetning:

Leiar:	Sidsel Haugen
Nestleiar:	Einar Ystevik /Sigmund Eiken
Kasserar:	Gerd Ingeborg Haugen
Skrivar:	Ole-Gisle Vassel
Styremedlem:	Britt Heidi Selsvik
Styremedlem:	Jane Lene Svåsand
Varamedlem:	Kaia Gulbrandsen
Varamedlem:	Bjørge Huus
Varamedlem:	Paul Killingberg

Det har vore 14 styremøter i bygdelaget i 2012. Ein gjennomgang av møtereferata syner følgjande hovudaktivitetar i meldingsåret:

### Barnehagen.

Styret fekk klare instruksar frå både det ordinære og det ekstraordinære årsmøte i 2012 om at "alt" måtte gjerast for å oppretthalde barnehagetilbodet i bygda. Bygdelaget må strekkje seg langt for å kome over kneiken og halde barnehagen i gang, var gjennomgangstenen frå mange av dei frammøtte.

Kommunen stengde barnehagen midlertidig i perioden 01.08.2012 – 31.07.2013, med bakgrunn i at me ikkje hadde tilsett personale med godkjend utdanning. Kommunen var ikkje villig til å gje forlenga dispensasjon frå utdanningskravet. I denne perioden vert barnehagen driven som familiebarnehage, ei slik driftsform har ikkje same formelle utdanningskrav til personalet. Det statlege driftstilskotet er også på eit lågare nivå enn for ordinære barnehagar.

Me har gjort tilsettingsavtale med ny styrar som fullfører si førskulelærerutdanning våren 2013. Ho byrjar i stillinga 01.08.2013, planen er då å gå tilbake til ordinær barnehagedrift.

### Bygdedugnaden.

Dugnaden vart halden 28. april med godt frammøte, 76 personar deltok i det fine været. Kvinne- og familielaget hadde, tradisjonen tru, laga god graut og kaffimat i bedehuset. Matøkta i bedehuset har vorte ein positiv tradisjon som alle set pris på.

Det vart utført mykje dugnadsarbeid mange stader i bygda, som m.a.:

- Rydding og vedlikehald på kyrkjegarden, spyling av gjerde og klokketårnet.
- 4H-ungdomane rydda og plukka bos langs vegane i bygda og i sentrum. Vidare rydda dei ved Lurenskytja på Sveleite.
- Rydding av blomebed og spyling i båthamna.
- Opprydding på badeplassen.
- Rydding og sesongklargjering i og kring båtmuseet, malingsarbeid på robåt.

- Bedehuset; matservering og skraping av kledning for seinare maling.
- På skulen vart det rydda i beda og i uthuset. Det vart sett opp stillas for seinare malingsarbeid på gymsalen. Flikking og reparasjon av kjellarvindaug. Utbetring av lekkasje i taket på den eldste delen av bygningen.
- Rundt ballbingen vart det sett opp stolpar for nytt sikringsgjerde. Det vart også kosta og rydda i og rundt bingen.
- Opprydding rundt Grannahuset, vaska toaletta, rydding og ombygging i uthuset.
- Rydding og vedlikehald på turstiane.

Styret takkar alle for innsatsen med å gjere bygda innbydande for alle, både fastbuande og tilreisande.

#### Kyrkjegarden.

Herand Pensjonistlag har motteke ei gåve frå ein anonym gjevar. Gåva er eit senkeapparat til kyrkjegarden i Herand. Gjevaren ynskjer at Herand Bygdelaag står som ansvarleg eigar og har ansvar for vedlikehald og tilsyn med apparatet.

#### Sundagskaffi.

I samarbeid med andre lag i bygda har Herand Bygdelaag starta opp med Sundagskaffi på skulen ein gong i månaden. Dette har vorte ein suksess, ansvaret går på omgang mellom ulike lag i bygda. Fyrste Sundagskaffi var i byrjinga av november. Overskotet går til bygdelaaget.

#### Julemessa.

Messa gjekk av stabelen 1. desember med 27 utstillarar. Antal besøkjande kunne vore betre, kollisjon med andre arrangement i distriktet gjorde truleg sitt til at besøkstalet vart noko lågt. Sonja Irene Skarde var hovudansvarleg for å organisera messa og ha kontakt med utstillarane. Styret i bygdelaaget deltok i arbeidet med avviklinga av messa og sto for sal av kaker og kaffi som Kvinne- og familielaget hadde laga. Ved messeslutt hadde Musikklaget ein kort julekonsert på skulen før fakkeltogt gjekk til båthamna der julegrana vart tent. Nissen var på plass med godteposane sine til dei minste.

#### Basaren.

Den årlege basaren vart arrangert 29. desember under leiing av Sidsel Haugen. Basaren gav eit overskot på kr 40.891. Styret takkar alle som gav gevinstar og for svært godt framferte og oppslutning om basaren.

#### Herand Bygdeblad.

Redaksjonen for bygdebladet har også i 2012 gjort ein stor dugnadsinnsats med å produsere og distribuere fire flotte nummer av det populære bladet. Bygdebladet hadde 311 faste abonnentar siste året og gav eit overskot på kr 23.393. Styret takkar heile bladredaksjonen for framifrå innsats.

Herand, mars 2013.

Sidsel Haugen  
Britt Heidi Selsvik

Sigmund Eiken  
Paul Killingberg

Gerd Ingeborg Haugen  
Björg Huus

Kaia Gulbrandsen  
Ole-Gisle Vassel